

Språkpraksis for Kulturdirektoratet og uavhengige kollegiale organ

Eablering av språkpraksis

Kulturdirektoratet etablerer ein språkpraksis som gjeld heile verksemda inkludert dokument som skrivast i rolla som sekretariat for dei uavhengige kollegiale organa Kulturrådet, Statens kunstnarstipend og Fond for lyd og bilete. Kulturdirektoratet er etter språklova eit sentralt statsorgan då verksemda har heile landet som tenesteområde og praksisen skal hjelpe verksemda med å oppfylle språklova og nå vidare ut gjennom godt språkarbeid. Norsk språk er særleg viktig for eit statsorgan for kunst og kultur då språket er den sterkaste kulturberar av norsk kultur og dermed lovfesta i språklova (LOV-2021-05-21-42 Lov om språk). Slik sett er korleis vi nyttar språk ei viktig symbolsk avgjerd.

Ein språkpraksis skal ta opp i seg bruk av språk og møte krav om klart språk, omgrep og fagspråk samt krav til digitalisering. Omgrepskatalogen vi bruker, ligg som vedlegg til dette dokumentet. Praksisen bør sikra bruk av språk og omgrep som er ressursorientert og inkluderande medan splittande og ekskluderande språkbruk skal unngås.

Sjølv om utkastet til språkpraksis som ligg føre i stor grad held seg til gjeldande lover og forskrifter, ønskjer Kulturdirektoratet med å vedta språkpraksisen og å heve kompetansen i organisasjonen på alle språkområde vi er svake på. Dette medfører også at språkkompetanse og forståing for språk kan takast med inn i rekrutteringsprosessar framover.

Språk i mange variantar

I Kulturdirektoratet finns det ei mengd ulike variantar av språk vi må forhalde oss til. I etableringa av ein språkpraksis omtaler vi følgjende språk:

- Norsk: bokmål og nynorsk
- Norsk teiknspråk
- Samisk: nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk
- Nasjonale minoritetsspråk: kvensk, romanes og romani
- Skandinaviske språk: svensk og dansk
- Framandspråk: engelsk
- Nordiske språk: islandsk og finsk
- Andre språkvarianter: lydsspråk som opplest tekst, tolking av bilete og film skriftleg eller munnleg i opplest lyd

Kulturdirektoratet er ei offentleg verksemd, og regularast av fleire lovar, mellom anna [Språklova](#), [Samelova](#), og [Forskrift om universell utforming av informasjons- og kommunikasjonsteknologiske \(IKT\)-løsningar](#).

Norsk

- Bokmål
- Nynorsk

I forslaget til ny forvaltningslov NOU 2019: 5 Ny forvaltningslov — Lov om saksbehandlingen i offentlig forvaltning (forvaltningsloven), heiter det at forvaltningsspråket er norsk. Språklova § 4 slår fast at bokmål og nynorsk er jamstilte skriftspråk i Noreg, og at norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg. I § 13 heiter det at *Sentrale statsorgan skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument.*

Norsk teiknspråk

Språklova § 7 fastslår at norsk teiknspråk som språkleg og kulturelt uttrykk er likeverdig med norsk som språkleg og kulturelt uttrykk. Etter § 1c har vi ansvar for å verne og fremje norsk teiknspråk. For Kulturdirektoratet betyr det at vi ønskjer å bruke norsk teiknspråk i ei viss grad for å formidle ansvarsområda for verksemda overfor brukarar.

Samisk

- Nordsamisk
- Lulesamisk
- Sørsamisk

Kulturdirektoratet og dei uavhengige kollegiale organa er, etter samelovens § 3-1b, ikkje statsorgan som er del av forvaltningsområdet for samiske språk. Språklova § 5 peiker på at samisk er likeverdig med norsk og Kulturdirektoratet skal som offentleg organ *bruke, utvikle og styrkje samiske språk* etter § 1b i språklova.

Forskrifta til samelovens språkreglar er lagt ut til høyring frå Kommunal- og distriktsdepartementet og pliktane til Kulturdirektoratet er foreslått endra til at brukarar av samisk skal ha rett til svar på samisk.

Det er nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk som er omtalt i forskrifta og i hovudsak er i bruk på norsk side av Sápmi, medan piresamisk, skoltesamisk og umesamisk er i bruk i liten grad.

Det er rett over 1000 barn i grunnskulen som har nordsamisk som førstespråk medan lulesamisk og sørsamisk både har eit hundretals elevar. Samisk som andrespråk veks. Det er knappheit på fagomsetjarar til samisk. I Kulturdirektoratets arbeidsmøte i Bodø i februar 2024 om oppfølging av sannheits- og forsoningskommisjonens rapport peika flerie på at knappe ressurser må brukast der dei har mest effekt. Kapasitet og kostnad ved omsetjing kan endrast om språkmodellar på sikt gir betre verktoy eller fleire får kompetanse som omsetjarar. Til dess vil det være naudsynt å velge nokre dokument som skal omsetjast og prinsipp for det.

Etter sameloven § 3-5, skal *Kunngjeringar fra offentlige organer som særlig retter seg mot hele eller deler av befolkningen i forvaltningsområdet for samiske språk, skal skje både på samisk og norsk*. Dette betyr at Kulturdirektoratet vil omsetje kunngjeringar til samisk om dei gjeld samiske kulturuttrykk eller der vi ønskjer å nå ut til den samiske befolkninga spesielt.

Forskriftsendringa som er på høyring fram til hausten 2024 gjer at Kulturdirektoratet vil førebu seg til å gi svar på nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk. I desse førebuingane vil verksemda også jobbe med å kunne ta imot søknader på samisk. Ei slik endring vil kreve auka kompetanse og Kulturdirektoratet vil sjå på korleis ein kan sikre slik kompetanse saman med andre statsorgan som vil få dei same pliktene som Kulturdirektoratet.

Nasjonale minoritetsspråk

- Kvensk
- Romanes
- Romani

Etter språklova § 6 er kvensk, romanes og romani likeverdige med norsk som *språklege og kulturelle uttrykk*, og Kulturdirektoratet skal som offentleg organ etter § 1c *verne og fremje* desse språka.

Noreg skiljer mellom kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur, og finsk har derav ikkje status som nasjonalt minoritetsspråk, sjølv om det av mange norskfinnar reiknas som deira språk. Finsk er heller ikkje reikna som skandinavisk språk. Jøder har som nasjonal minoritet ikkje definert noko eige minoritetsspråk i Noreg.

Skilnaden mellom forpliktingane for samisk og nasjonale minoritetsspråk ligg i verba lagt i lova. Samisk skal Kulturdirektoratet nytte, utvikle og styrkje medan nasjonale minoritetsspråk skal statlege organ verne og fremje.

Nasjonale minoritetsspråk har få brukarar og enda knappare omsetjarkapasitet enn samisk. Prioriteten av kva som skal omsetjast er difor særleg viktig for nasjonale minoritetsspråk.

Skandinaviske språk

- Svensk
- Dansk

I språklova § 8 heiter det at *alle har rett til å bruke svensk eller dansk i kontakt med offentlege organ. Offentlege organ kan svare på norsk.*

Framandspråk brukt av mange og mykje i kunstnarisk praksis

- Engelsk

Engelsk er klart det mest brukte framandspråket innan kunst og kultur i Noreg. Andre framandspråk som tysk, spansk, fransk og fleire er til dels brukt, men vil ikkje verte gitt eigne tiltak i denne språkpraksisen.

Det finst ikkje noke forbod mot å bruke engelsk i offentlege organ, men auka bruk av engelsk er ikkje i tråd med norsk språkpolitikk. Språklova § 4 seier at *Norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg.* Om vi berre skal sjå kva brukarane har av behov, vil auka bruk av engelsk vere eit effektivt tiltak. Samstundes er auka engelskbruk direkte i motstrid med språkpolitiske mål der ein vil styrkje norsk, samisk og nasjonale minoritetsspråk.

Kulturdirektoratet har inga plikt om bruk av engelsk medan mange kunstnarar og verksemder arbeider på engelsk. Kan hende har dei ikkje norsk som språk, dei samarbeider med andre som ikkje har norsk som språk eller dei har engelskspråkleg målgruppe. I praksis vil dei fleste tilsette og medlem at råd, styre, utval og fagutval kunne nytte engelsk og det er liten grunn til å slutte å ta imot søknadar som kjem på engelsk. Om sakshandsaminga er på norsk vil omsetjing av svar kunne vere eit meirarbeid som ikke prioriterast. Difor vil engelske søknader bli svart på norsk.

Det oppfattast å vere i tråd med språkpolitikk at tilgjengeleg informasjon på engelsk ikkje er ein trugsel så lenge all denne informasjonen fyrst er tilgjengeleg på norsk.

Engelsk kjem i fleire standardar og Kulturdirektoratet vil nytte britisk engelsk.

Nordiske språk

- Islandsk

Kulturdirektoratet har ansvar for ei tilskotsordning som omfattar islandske søkjarar, norsk-islandsk kultursamarbeid. I forvaltninga av denne ordninga vil utlysing og søknadsskjema vere tilgjengeleg på islandsk. Det er ikkje aktuelt å bruke finsk i Kulturdirektoratets aktivitet.

Andre språkvariantar

- Lydspråk som opplest tekst

- Tolking av bilete og film skriftleg eller munnleg i opplest lyd

Etter forskrift om universell utforming av informasjons- og kommunikasjonsteknologiske løysingar, § 4b, tredje ledd, skal videoopptak i offentleg sektor som blir publisert frå 1. februar 2024 vere synstolka. Unntak gjeld for fleire høve, etter § 4c.

Nye nettsider skal følgje dei gjeldende krava til universell utforming for å leggje til rette for auka tilgjengelegheit.

Andre omsyn

Klart språk

- Språket skal vere klart

Etter § 9 i språklova skal offentlege organ *kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa*. Kulturdirektoratet skal bruke eit klart språk som gjer at brukarane *finn det dei treng, forstår det dei finn og kan bruke det dei finn til å gjere det dei skal*.

Inkluderande språk

Kulturdirektoratet skal bruke eit inkluderande språk som også vert akseptert som ikkje tilgjort av brukarane. Samstundes skal Kulturdirektoratet som statsorgan halda seg til omgrepa og definisjonane staten sett, slik at vi til dømes må halde oss til at det inntil vidare er definert to juridiske kjønn, og ikkje fleire, medan vil vi kunne bruke omgrep som hen i tilfelle der det ikkje er naudsynt med han/ho.

Det er skilnad på å snakke om homofile og dei homofile. Homofile kan vere den som skriv og det kan vere den som les, eller nokon heilt andre. Ved å skrive om dei homofile peiker skrivaren på nokon annan, skaper avstand og ekskludering. Slik vil det også vere skilnad på å snakke om *billedkunstnarar* og *billedkunstnarane*. Ved å snakke om folk med ein annan hudfarge eller ein annan religion sett skrivaren seg i ein majoritetsituasjon som i norsk samanheng truleg er kvit og kristen.

I eit inkluderande språk vil perspektivet vere mest mogleg nøytralt og ikkje sett frå eit majoritetsperspektiv, til dømes vil ein unngå omgrep som *dei..., ein annan...og -ane*.

Namn

I samband med at verksemda endra namn i 2023 vart det sett offisielle namn på fleire organ. Kulturdirektoratet, dei tre uavhengige kollegiale organa Kulturrådet, Statens kunstnarstipend og Fond for lyd og bilete og dessutan Norsk kulturfond fekk offisielle namn på bokmål, nynorsk, nordsamisk, sørsamisk, lulesamisk, kvensk, romanes og engelsk. Det er ikkje offisielle skriftlege namn på romani, som ikkje har standardisert skriftspråk. Det finnst uoffisielle teiknsspråksnamn for Kulturdirektoratet og Kulturrådet.

Bokmål	Nynorsk	Engelsk	Nordsamisk
Kulturdirektoratet	Kulturdirektoratet	Arts and Culture Norway	Kulturdirektoráhtta
Kulturrådet	Kulturrådet	Arts Council Norway	Kulturráđđi
Norsk kulturfond	Norsk kulturfond	The Cultural Fund	Norgga kulturfoanda

Statens kunstnerstipend	Statens kunstnarstipend	Government Grants for Artists	Stáhta dáiddárstipeanda
Fond for lyd og bilde	Fond for lyd og bilete	The Audio and Visual Fund	Jietna ja govva foanda
Sørsamisk	Lulesamisk	Kvensk	Romanes
Kultuvredirektoaraate	Kulturdirektoráhtta	Kulttuuridirektoaraatti	O kulturdirektorato
Kultuvreraerie	Kulturráde	Kulttuuriraati	O kulturrodo
Nöörjen	Vuona kulturfoanda	Norjan kulttuurirahasto	O norvegisko kulturako fondo
kultuvrefoente			
Staaten	Stáhta dájddárstipænnda	Staatin konstnäristipendi	Le themesko artistongo puchin
tjehpieðæjjastipende			
Tjoeje- jïh	Jiedna ja gávová foanda	Ääni- ja kuvarahasto	O fondo le bildengo taj le ashunimasko
guvviefoente			

Forslag til vedtak om prinsipp for Kulturdirektoratet sin språkpraksis:

- Kulturdirektoratet skal bruke minst 25 % bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument, etter språklova § 13 og er pliktige til å gjere skjema og andre sjølvbeteningsstenester tilgjengelege på bokmål og nynorsk samtidig, etter § 14.
 - alle skjema skal finnast på nynorsk og bokmål.
 - minst 25 % av alle publikasjonar, dokument, nettsider, pressemeldingar, utsegn i sosiale medier skal leverast på nynorsk.
 - ansatte skal kunne bruke anerkjente digitale språkprogram for å sikre akseptabel kvalitet på publisert nynorsk.
 - Kulturdirektoratet ønskjer å heve nynorskkompetansen hos dei ansatte og vil difor tilby nynorskkursing for alle.
 - henvendingar på nynorsk skal svarast på nynorsk og på bokmål skal svarast på bokmål med mogleg unntak for vidareending av informasjon framkommen i forbindelse med handsaming av søknader i uavhengige kollegiale organ og deira fagutval.
 - dialog med kommunar og fylkeskommunar skal vere på nynorsk til nynorskkommunar og bokmål til bokmålskommunar og valfritt til språknøytrale kommunar basert i oversikt i språkvedtaksforskrifta.
 - i praksis er det bruk at nynorsk som krev eigen merksemd og Kulturdirektoratet vil ikkje

passer på om det brukast nok bokmål. Det vil seie at alle oppmodast om å bruka nynorsk i så mykje som mogleg av dokument frå Kulturdirektoratet.

- Kulturdirektoratet skal fremje og verne norsk teiknspråk
 - sentrale dokument om Kulturdirektoratet og uavhengige kollegiale organ skal finnast filma på norsk teiknspråk, til dømes om verksemda, historie og sentrale dokument om ordningar, dokument som ikkje endrast jamnleg.
 - Arrangement skal tolkast på teiknspråk på førespurnad etter reglar i arrangementspraksisen.
 - Videoopptak som blir publisert skal vere synstolka.
- Kulturdirektoratet skal bruke eit klart språk tilpassa mottakeren.
 - Alle tilsette i Kulturdirektoratet oppmodast om å ta kurs i klart språk og stadig oppdatere seg på dei offisielle råda for klart språk
 - Sjargong som krev særskild bakgrunnskunnskap skal brukast i minst mogleg grad.
 - Fagspråk skal forklarast når ein bruker det første gong.
- Kulturdirektoratet skal bruke, utvikle og styrkje samiske språk i samsvar med reglane i språkloven.
 - nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk definerast som samiske språk og finst eit dokument på eit av dei tre språka blir det rekna som at dokumentet finst på samisk.
 - sentrale dokument om Kulturdirektoratet og uavhengige kollegiale organ skal finnast på samisk, til dømes om verksemda, historie og sentrale dokument om ordningar, dokument som ikkje endrast jamnleg.
 - publikasjonar og dokument som særleg omhandlar samisk språk og kultur skal finnast på samisk
 - ved omtale av samisk kunst og samiske kunstnarar skal samiske titlar og omgrep brukast i størst mogleg råd
 - Kulturdirektoratet og dei uavhengige kollegiale organa er, etter Samelova §3-1b, ikkje statsorgan som er del av forvaltningsområdet for samiske språk. Kulturdirektoratet vil førebu seg på at denne statusen endrast og at henvendingar på samisk skal kunne svarast på samisk og at søknadar skal kunne leverast og handsamast på samisk.
- Kulturdirektoratet skal fremje og verne kvensk, romani og romanes.
 - sentrale dokument om Kulturdirektoratet og uavhengige kollegiale organ kan gjerast tilgjengeleg på kvensk, romani og romanes i den grad det er mogleg.
 - publikasjonar og dokument som særleg omhandlar kvensk språk og kvensk og norskfinsk kultur skal finnast på kvensk
 - publikasjonar og dokument som særleg omhandlar romani og romani-/taterkultur skal finnast på romani i den grad det er mogleg.
 - publikasjonar og dokument som særleg omhandlar rom skal finnast på romanes.
 - Kulturdirektoratet og dei uavhengige kollegiale organa vil ikkje kunne ta imot søknader eller kommunisere på kvensk, romani eller romanes.
- Kulturdirektoratet skal ta imot søknader og kommunikasjon på svensk og dansk som vil bli svart på bokmål eller nynorsk.
- Kulturdirektoratet vil ta imot søknader og kommunikasjon på engelsk som vil bli svart på norsk.
- Kulturdirektoratet vil ta imot søknader på islandsk til tilskotsordninga norsk-islandsk kultursamarbeid.

- Nettsidene til Kulturdirektoratet og kollegiale uavhengige organ skal følgja den gjeldande standarden for universell utforming (WCAG 2.1 etter 1. februar 2023) og såleis leggje til rette for tekst til tale og andre verkemiddel som gir auka tilgjengelegheit.
- Verksemda skal føre eit inkluderande og klart språk.
- Nettsider vil kunne gjerast tilgjengelege på engelsk om informasjonen først finst på norsk.
- Språkkompetanse skal takast inn i rekrutteringsprosessane og leggjast vekt på ved tilsetjing.

Vedtatt språkpraksis skal virke til 2026 og vil etter det vurderast på nytt. Endringar som kan hende påverkar prinsippa kan til dømes vere:

- Utviklinga av nye eller forbetra språkverktøy
- Vedtak i Stortinget
- Auka oversettarkapasitet
- Auka språkkompetanse i organisasjonen

Ressursar og relevante dokument:

- Lovdata: Lov om språk
- Prop 108 L (2019-2020): Lov om språk
- Lovdata: Lov om Sametinget og andre samiske rettsforhold
- Forskrift om universell utforming av informasjons- og kommunikasjonsteknologiske (IKT)-løsninger.
- språklov.no: Mønsterpraksis for oppfølging av språkloven
- klarspråk.no
- språkrådet.no
- ordbøkene.no
- NOU 2019: 5 Ny forvaltningslov — Lov om saksbehandlingen i offentlig forvaltning (forvaltningsloven)